



Arkivnr: 2015/552-40
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel

TILDELING AV RESERVEDROSJELØYVE R-831 – ULLENSVANG AVD. AUST

Samandrag

Ullensvang Taxisentral avd. aust er for tida ikkje i drift. Sentralen har til saman 5 løyver, 2 hovudløyver og 3 reserveløyver. Eitt hovudløyve og eitt reserveløyve er tildelt Jon Gunnar Dale, og løyva hans er gjort om til bustadsløyve inntil Ullensvang Taxisentral avd. aust er i drift att. Jon Gunnar Dale er einaste løyvehavaren i området.

Jon Gunnar Dale fekk i juli 2015 tildelt skuleskyss i området. I E-post av 21.07.2015 melder han inn behov for ein ekstra bil som kan transportera rullestol, då det er meldt eit transportbehov til ein skuleelev med funksjonshemming. Jon Gunnar Dale ynskjer å kjøpe ein ny bil som kan transportere rullestol, då dei to øvrige bilane han har må brukast til anna kjøring.

Jon Gunnar Dale er einaste løyvehavar i Ullensvang Taxisentral avd. aust, og det ligg ledige reserveløyver. For å sikre at skuleskyssen vert ivaretatt vil samferdselsavdelinga tildele han eit ekstra reserveløyve.

Med heimel i yrkestransportlova § 9 jf. Forskrift om yrkestransport §§ 6-8 og §§ 43-44 finn fylkesdirektøren å kunne fatta fylgjande

vedtak

Etter å ha vurdert saka i samsvar med reglane i yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport finn fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve:

1. R- 832 til Jon Gunnar Dale
2. Det skal installerast taksameter i bil registrert på reservedrosjeløyve R-831
3. Det skal registrerast bil med inntil 9 personar og plass til rullestol

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy
spesialkonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.08.2015

Ullensvang Taxisentral avd. aust er for tida ikkje i drift. Sentralen har til saman 5 løyver, 2 hovudløyver og 3 reserveløyver. Eitt hovudløyve og eitt reserveløyve er tildelt Jon Gunnar Dale, og løyva hans er gjort om til bustadsløyve inntil Ullensvang Taxisentral avd. aust er i drift att. Jon Gunnar Dale er einaste løyvehavaren i området.

Jon Gunnar Dale fekk i juli 2015 tildelt skuleskyss i området. I E-post av 21.07.2015 melder han inn behov for ein ekstra bil som kan transportera rullestol, då det er meldt eit transportbehov til ein skuleelev med funksjonshemming. Jon Gunnar Dale ynskjer å kjøpe ein ny bil som kan transportere rullestol, då dei to øvrige bilane han har må brukast til anna kjøring.

Jon Gunnar Dale er einaste løyvehavar i Ullensvang Taxisentral avd. aust, og det ligg ledige reserveløyver. For å sikre at skuleskyssen vert ivaretatt vil samferdselsavdelinga tildele han eit ekstra reserveløyve.

2. Lovheimel

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse basiskrava er kumulative, det vil seie at alle må vere oppfylt før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

God vandel skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelsvurdering vert gjort kvart tredje år.

Tilfredsstillande økonomisk evne inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

Tilstrekkeleg fagleg kompetanse inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

Jon Gunnar Dale har drosjeløyva R-200 og R-830, som begge er bustadsløyve. Skulestart er 17.08.2015 og Jon Gunnar Dale får tilsendt løyvedokument rekomandert 14.08.2015. Han har ikkje fått tid til å legge fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Dette må leverast i ettertid. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-831 til Jon Gunnar Dale.